



Høyanger kommune

Eining plan og forvaltning

Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker

0216 Oslo

Saksnr.
23/2148

Dok-ID
23/16995

Arkivkode
S05

Sakshandsamar
JAB

Dato:
09.10.2023

Høringsuttale til konsesjonssøknad Fossvatnet og Seltuftvatnet

Syner til brev av 04.09.2023 frå Statkraft Energi AS om oppstart av arbeidet med å utarbeide konsesjonssøknad for nytt kabelanlegg med nettstasjonar ved Fossvatnet i Høyanger kommune og Seltuftvatnet i Sunnfjord kommune.

Bakgrunn

COWI AS, på oppdrag for Statkraft Energi AS, skal starte arbeidet med å utarbeida konsesjonssøknad for nytt 12 (22) kV kabelanlegg med nettstasjonar ved Fossvatn i Høyanger kommune og Seltuftvatn i Sunnfjord kommune.

Bakgrunnen for søknaden er at det er planlagt en større rehabilitering på eksisterande damanlegg i 2024-2027. Dei ønskjer samtidig å etablera straumforsyning ved dammane for å gje moglegheit til fjernstyring av luker, samt innhente konkretiseringar og gode måleverdiar frå reguleringsområdet. Straumforsyning til dammane vil også gje moglegheit for anleggsstraum under rehabiliteringa.

Søknad om anleggskonsesjon omfattar følgande: -

Etablering av 3 nye nettstasjonar for 12 (22) kV anlegg:

- Nettstasjon vest for Lonestølen
- Nettstasjon dam Fossvatn
- Nettstasjon dam Seltuftvatn

Etablering av 12 (22) kV kabelanlegg mellom eksisterande nettstasjon og dei nye nettstasjonane. Endeleg plassering av nettstasjonane er ikkje avklart. Omtrentleg storleik på nettstasjonane er 2 x 2 m.

Frå eksisterande nettstasjon til ny nettstasjon vest for Lonestølen er kabeltrasé planlagt i eksisterande veg. Moglegheit for å legge kabel i vatn har blitt vurdert.

Mellom Nettstasjon ved Lonestølen og Nettstasjon Seltuftvatn er det planlagt en ny anleggsvei som vil omsøkes separat. Kabeltrasé leggjast i ny veg på denne strekninga.

Mellom Lonestølen og ny nettstasjon ved dam Fossvatn vurderast trasé i eksisterande veg og trasé i vatn som aktuelle alternativ.

Postadr.:
Postboks 159
6991 Høyanger

Besøksadr.:
6993 Høyanger

Telefon:
57 71 15 00

Bankgiro:
3705 24 53640
Org.nr. 944439838

E post:
postmottak@hoyanger.kommune.no
www.hoyanger.kommune.no

Våre innspel

Området som nettstasjon Lonestølen og nettstasjon dam Fossvatnet ligg i, har i gjeldande kommuneplan arealformål som Landbruks-, natur og friluftformål samt reindrift. Det er eit utbygd kraftområde, men har fleire gode kvalitetar som er viktig å ta vidare omsyn til. Området er eit svært viktig friluftsområde (Fylkesatlas) og har fleire SEFRAK-registrerte bygningar på Lonestølen. Statsforvaltaren i Vestland opplys også om registrering av fleire raudlista artar som ein må ta omsyn til.

Høyanger kommune vil på seinare tidspunkt i prosjektet sette nokre villkår i samband med utbygging som til dømes krav om dispensasjon frå kommuneplan for nettstasjon og dispensasjon frå kommuneplan for etablering av anleggsveg, samt ha fokus på god landskapstilpassing.

Utover dette har Høyanger kommune ingen særskilde merknader eller innspel.

Med helsing

Janne Kristin Bøyum
arealplanleggar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent dersom det ikkje er signert

Kopi til:

Kristiansen Tormod Johan

STATSFORVALTAREN I

VESTLAND

Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2

Postboks 7900

6863

5020

LEIKANGER

Bergen